



Notat

Dato: 19.02.2018
Arkivsak: 2018/7767-1
Saksbehandlar: torrtl

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Varsling i Hordaland fylkeskommune - svar på spørsmål

Varsling i Hordaland fylkeskommune – svar på spørsmål

I protokollen for møtet i utval for opplæring og helse 6. februar 2018, er følgjande referert:

«Dan Femoen (H) bad om følgjande:

Varslingsrutinene skal være lett tilgjengelig for alle arbeidstakere i virksomheten, jfr. arbeidsmiljølova § 2 A-3. Ber derfor administrasjonen om å gjøre varslingsrutinane lett tilgjengelege på websida [hordaland.no.](http://hordaland.no)»

Nettstaden www.hordaland.no er primært ein utadretta kommunikasjonskanal for fylkeskommunen der målgruppa er ulike eksterne aktørar.

For tilsette nyttar fylkeskommunen eit knippe interne kommunikasjonskanalar t.d. intranett, der varslingsrutinane ligg lett tilgjengeleg for alle tilsette. Vidare har fylkeskommunen opprettet nettportalen «Mitt varsel», som også er tilgjengeleg på intranettsida. Via dette systemet kan tilsette kommunisere direkte med fylkeskommunen sitt eige varslingsutval og søke råd i aktuelle saker, om ønskjeleg også anonymt.

Gjennom ulike informasjons- og opplæringstiltak vert det jamleg retta merksemd mot varslingsrutinane, m.a. på kurs for nyttilsette, i leiaropplæringa og i form av opplegg for e-læring for heile organisasjonen.

I tråd med utviklinga i arbeidsmiljølova og dei erfaringane fylkeskommunen har gjort på dette området er reviderte varslingsrutinar lagt fram for handsaming i administrasjonsutvalet og fylkesutvalet i februar.

Fylkesrådmannen legg opp til ein ny runde med informasjon og opplæring blant tilsette i kjølvatnet av dette.